

På styremøte i Norske Lagsbruk den 21. februar 2000 gjorde styret dette vedtaket:

"Det blir laga ein oversikt til årsmøtet om kva som er gjort til nå i sogearbeidet. I tillegg blir det lagt fram eit overslag om kva det vil kosta å gjera ferdig arbeidet på rimeligaste måte."

Det blei ikkje tid til å drøfta saka under årsmøtet i Sarpsborg våren 2000, og dette notatet er her oppdatert pr. 20. september 2000.

Desse har vore med

Med i arbeidet har vore Kåre Kolås, Knut Lauvrud, Olaf Almenningen. Ingen av desse har vore honorerte, men reise- og opphaldskostnadar er dekt. Alle møter har vore i Oslo.

Ottar Grepstad er brukt som fagressurs og har fått honorar for det.

Ragnhild Normann frå kontoret til NM-hotels har utført ein del skrive- og arkivarbeid. NM-hotels er honorert for dette på timebasis.

Dette er gjort

Kolås og Lauvrud har gjort eit omfattande arbeid i arkiva til Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag for å få oversikt over kor mange lagsbruk som har eksistert og kva lagsbruka har hatt å sei økonomisk for rørsla.

Det er oppretta eit arkiv på kontoret til Norske Lagsbruk. Der kan historisk stoff arkiverast pr. bruk etter kvart som det kjem inn.

Kåre Kolås er den beste kjelda. Han har sjølv skrive ned mykje interessant historisk stoff og har eit verdifullt privat arkiv om lagsbruksarbeidet dei siste 50 åra, der han sjølv har vore aktiv deltakar heilt frå starten. Med hjelp av Ottar Grepstad er det gjort omfattande lydopptak med Kolås, der ein tek sikte på å supplera den skriftlige dokumentasjonen som alt finst. Lydopptaka er skrivne ut av R. Normann, og på bakgrunn av det som her har kome fram vil Ottar Grepstad gjennomføra eit intervju til med Kolås for å komplettera arbeidet med denne kjelda.

Knut Lauvrud arbeider med temaet "Lagsbruka og skjenkepolitikken". Det er ikkje levert noko stoff til nå.

Daglig leiar har skrive ein artikkel om lagsbrukssoga til 100-årsskriftet til Noregs Ungdomslag som kom ut i 1996.

Det har vore kontakt med to faghistorikarar om å få laga eit forprosjekt på historiearbeidet vårt. Dette viste seg å kosta meir enn 300.000 kroner, og det har det ikkje vore økonomisk grunnlag for å få gjort. Otta Grepstad har lova å få gjennomført ein enklare form for forprosjekt, men han er nå så sterkt engasjert i arbeidet som direktør på det nye Ivar Aasen-tunet at det vil ta ei tid før han kan ta fatt på dette arbeidet igjen.

Ivar Aasen-tunet skal bli eit dokumentasjonssenter for den nynorske skriftkulturen, og det vil vera svært naturleg å knyta vårt sogearbeid opp til senteret.

HOVUD-EMNE	UNDER-PUNKT (eksempel)	PROBLEMSTILLINGAR (eksempel)
Opphavet til lagsbruka	Nemninga Føremålet	
Rolle i næringa	Konsept	Nytt konsept mellom "kneipa" og sosietets-restauranten
Rolle for rørsla	Det Norske Teatret Lagsbruksskatt Forlag	Profil Økonomi Husrom
Rolle i samfunnet		Heimsleg møteplass for landsfolk på bytur
Interiør	Kinsarvik-møblane Andre stilartar "Respatex-alderen"	
Type bruk	Hotell og kafé Forlag Teater Aviser og blad	Profil Økonomi
Kaffistova i litteraturen	"Frå Knut Hamsun til Varg Veum"	I Skjønnlitteraturen På Internett
Personar som har betydd mykje for rørsla	Tilsette Styrefolk	Styrainna som "Mor" Pionerane
Geografisk spreining	Mange bruk på Agder	
Tidsepokar	1901-1910 1910-1920 1920-1949 1940-1945 50-åra 60-åra 70-åra 80-åra 90-åra	Pionertida Lagsbruksskatten kjem Krig og pengar Lagsbruksmøta "respateksalderen" Avgangen stoppar Ny giv
Rus-spørsmålet	Utmeldingar Årsmøtesaker i NU	
Solfuglmerket	Andre merker	Historie og symbolikk
Organisering	Lagsbruksnemnda Lagsbrukssamskipnaden Solfuglhotella	Sekretariat Offentlig stønad
Navnebruk	Bondeheimen Kaffistova Skyttingsstova "Heimen"-begrepet	

Hausten 2000

Daglig leiar hadde eit møte med Ottar Grepstad den 28. august. Me har blitt enige om å ta eit siste intervju med KåreKolås i Bergen den 8. januar 2001. Då tek me sikte på å runda av denne kjelderegistreringa.

Grepstad er nå meir usikker på om han har kapasitet til å gjera eit fullstendig forprosjekt, men vil undersøka i sitt vitenskapelige miljø, bla. anna på Aasen-instituttet, om det der kan finnast folk som kan ta det på seg, eller dei kan finna studentar til å gjera arbeidet som ein del av studiet.

Kva står att å få utført

Det er ikkje sett noko bastant mål for sogearbeidet. Det er vanlig å tenkja bok i slike samanhengar, men det trur eg ikkje me utan vidare skal gå ut ifrå. Det viktigaste til nå har vore å sikra dokumentasjon på type, utbreiing og økonomisk omfang.

Arkiv er etablert på NL-kontoret og det vil ikkje krevja ekstra ressursar å arkivera etter det systemet som er lagt opp etter kvart som materiale kjem inn eller blir tilgjengelig.

Eit forprosjekt bør gjerast ferdig. Eit mulig resultat av dette kan bli at ein får synleggjort samfunnsmessige aspekt ved lagsbruksarbeidet som kan løysa ut interesse og midlar for å arbeida vidare med eit større verk. Dette må i så fall finansierast med spesielle midlar frå f. eks. Kulturrådet.

Dersom den årlige løyvinga på kr. 50.000 blir vidareført i 2001, og kanskje også i 2002, vil forprosjektet etter alt å døma vera ferdig og styret kan ta stilling til om det skal gjerast meir for organisasjonen si rekning.

Dette hardet/vil det kosta:

1996: kr. .420

1997: kr. 26.462

1998: kr. 50.279

1999: kr. 25.812

2000: kr. 50.000 (budsjett) (ubetydelig kostnad belasta prosjektet i år)

2001: kr. 50.000 (forslag)

2002: kr. 50.000 (forslag)

Oslo 20. september 2000

Nils Seland
daglig leiar